



Innskriving Tu skule 2025

Dette brevet går heim til føresette for born fødd i 2019 som er registrert som elev ved Tu skule hausten 2025. Det er i dag 20 namn på klasselista.

Med blick for alle!

Me gler oss til å møta de føresette på foreldremøte:

Dato: Måndag 10.02.25

Tid: kl. 19.00-20.00

Stad: Tu skule i aulaen ved hovudinngangen

Velkommen

Fyrst av alt vil me ønskja velkommen til Tu skule! Me gler oss til vidare samarbeid anten du er ny føresett eller me kjenner deg frå før.

Heimesida

Me oppmodar alle til å besøka heimesida til skulen: minskole.no/tu. Her finn du mykje informasjon om skulen. Blant anna skulerute, timeplan osv. Heilt nede til høgre på framsida finn du «Abonner på nyheiter». Trykk på den, og legg inn mailadresse. Abonner gjerne på framsida og 0. trinn. Då vil du få varsel ved ny informasjon. Alt som er vedlagt brevet vil liggja på heimesida.

Grupper

Kontaktlærer vil vera klar i løpet av dei to fyrste vekene i mai. Denne informasjonen blir lagt på heimesida i løpet av mai.

Søknad SFO

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod for elevane på 1.- 4. trinn. SFO opnar kl. 07.00 om morgonen, og ettermiddagstilbodet varer til kl. 16.30. Ein kan velja mellom 2-5 dagar. 1.-3. trinn har 13 timar gratis SFO per. veke. Du finn all informasjon om dei ulike tilboda i eige skriv på heimesida under 0. trinn. Ein nyttar Visma til å søkja plass på SFO. Sjå vedlegg «Visma» for pålogging. Viss du treng hjelp til søknad, ring skulen på tlf: 51786800. Søknadsfrist er 1. mars.

Språk

Klepp kommune er ein nynorsk kommune. Alle klassane på Tu har nynorsk som hovudmål. Me vil informera om at det er mogleg å søkja om bokmål, men at det ikkje er garanti for eiga bokmålsgruppe. De får meir informasjon om dette på foreldremøtet. Frist for søknad er 1. mars.

Planar for våren

Våren 2025 har me planlagt desse treffa på Tu skule:

- **Foreldremøte 10. februar kl. 19.00-20.00.**
- **Frivillig faddartreff 12. februar kl. 11.45-12.45
lesing/teikning/frileik.**
- **Trekantsamtale mellom barnehage, lærar og føresette
13. mai kl. 13.00-15.30 og torsdag 15. mai kl. 13.15-14.15 i
Tjøttaparken barnehage. Elles etter avtale.**
- **Frivillig faddartreff 21. mai kl. 11.45-12.45
Lesing/teikning/frileik.**
- **Besøk av kontaktlærer i barnehagen 22.05.25 kl. 13.30-14.15.**
- **Obligatorisk foreldremøte 3. juni kl. 19.00-20.00.**
- **Obligatorisk besøksdag onsdag 4. juni kl. 13.00-14.30 for borna.
Det er føresette som følgjer borna denne dagen.**
- **Frivillig VIP-kveld/besøkskveld 6. juni kl. 16.30-17.30.**

Dersom du lurar på noko meir kan du kontakta skulen på telefon 51786800 eller mail tu.skule@klepp.kommune.no

Mvh

Vibeke Sola

Silje Jørgensen Anzjøn

Hilde Johanne B. Ueland

Rektor

Leiar SFO

Miljøterapeut